

MANGFALD OG ANNLEISHEIT

Folk flest held seg til det normale og trauste. Så er det dei som ikkje gjer det. Dei kan ha med seg ein diagnose, eller beint fram føle og tenke annleis, og utøve kreativitet vi andre knapt kan drømme om. Takk og lov for desse iblant oss! Musikere t. d. i vår tid... det er velkjend at mange ikkje akkurat la planer for alderdommen. Og så er det dei som i gammal tid skreiv utruleg musikk uten ein gong å høre. Tenk Beethoven. Ein annan i same gate er tsjekkiske Smetana. Han hadde syfilis, endte sitt liv på eit mentalsjukehus og var stokk døv når han skreiv sitt fantastiske orkesterverk Moldau. Vi som bur vestpå bør ha stor sans for å oppleve ein vassveg slik.

Det blir smått i denne samanheng å nemne mine år som tonesettar av visestubbar, og at eg omsider fann at ord og tonar kledde kvarandre. Viktig for meg har vore at eg har hatt ting på hjartet.

Eg minnest eit radio-intervju med den gamle Knut Hamsun. Han sa at skriving er eit spørsmål om sinnsrørsler. Tiltreast.



FREDDIE LANGRIND
www.ordtoner.com > Epistler

Min kjærast gjennom livet uttrykte seg med pensel og fargefantasier, og etterlot seg ein skatt ein skal merke seg. Biletet her har bevegelsar i bakrunnen.

Det minner om Edvard Munchs Skrik. Min kjærast bar sitt tause skrik med seg.

